



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Høyanger 23.01.24

Protokoll møte i Høyanger kyrkjelege fellesråd

Torsdag 01.02.2024. kl.10.30 på Høyanger kyrkjekontor.

Til stade:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Andreas Ester.

Meldt forfall: *Kjersti J. Søreide*

Fråverande: *Frode Merkesvik*

Kopi av protokollen går til:

Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygaard, Elisabeth Johansen, Heike Müller, Eldrun Nordahl, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse. Inger Cesilie Fitje, M Ali Kharrat, Petter Sortland, Ørjan Haram v/ postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Opning av møtet:

- **Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 23.11.23.**
 - Innkalling og møteprotokollen vart godkjent
 - Saklista vart godkjent med ei ny meldingssak: 003 Oppseiing frå Gerda Otterstein
- **Soknepresten** tok føre seg teksta komande søndag, Kristi forklåringsdag. Jesus tek med læresveinane på fjelltur og dei får møte han som Gud. Å sjå Gud er i følge GT farleg for menneske, men gjennom Jesus kan vi sjå og møte Gud.

Meldingssaker:

001 Opplæring av nye fellesråd

Orientering om fellesrådet sine hovudoppgåver.

Vi gjekk igjennom første del av presentasjonen frå kurset – om dei ulike organa i DNK. Om maktforholdet og dei ulike oppgåvene til desse organa, som er tenkt som ein balanse der ein utfyller kvarandre. Lokalt er det rådsorgana; sokneråd og fellesråd. Ei viktig oppgåve for fellesrådet er arbeidsgivaransvaret. Det må vi dukke djupare ned i på neste møte. Men siste sak i dag, val av administrasjonsutval, heng saman med fellesrådet sitt arbeidsgivaransvar.

002 Kyrkjeverja orienterte om:

- Økonomisituasjonen
 - Spørsmål om budsjett og Jubileet i Ortnevik. Det er sett av midlar i budsjettet til arbeid på kyrkja. I og med at jubileet er først i oktober 2025, vil ein kunne auke dette på 2025 budsjettet.
- Arbeidet med brannalarmane som nærmar seg ferdig. Ein må få på plass kontaktpersonar for redningssentralen, lokalt for kvar kyrkje.
- Avtale om å dekke kostnadane til gravferder i/på Sæle kyrkje/kyrkjegard. I samband med at kommunen vart utvida med Lånefjorden – Nessane, men ikkje kyrkja deira, Sæle kyrkje, vart det gjort ein avtale om at Høyanger skulle dekke kostnadane for «utabygds gravferd» 2023 var det to slike gravferder. Dei kostar oss kr. 10 000 kvar. Dette er utgifter som må takast høgde for i framtidige budsjett.
- HMT Vi fekk laga ein Risikoanalyse i desember. Denne er eit utgangspunkt for vidare arbeid i staben. HKF har verneombod og vedkomande må trekkast meir aktivt med i prosessane.
- Medarbeidarundersøkinga i DNK gjekk føre seg i november 2023. Sidan vi har ein liten stab, får vi ikkje laga ein eigen rapport frå oss. Vi tek utgangspunkt i rapportane på prosti og bispedømmenivå og jobbar fram vår eigen handlingsplan. Vi brukar litt tid på dette, men vil kome attende til fellesrådet når denne er ferdig utarbeida. Denne vi vere viktig i høve arbeid med HMT og medarbeidersamtalane.

003 Endeleg oppseiing frå kontor Gerda Otterstein er motteken.

Denne kom på e-post kvelden før møtet og var soleis ny. Her avklarar Gerda at ho ikkje kjem tilbake i stillinga som kontor for HKF, og takkar for samarbeidet. Sturla vil svare ho, takke for jobben ho har gjort for HKF og at vi ynskjer å kome tilbake med ein markering for avsluttinga av tenesta hos oss.

Vi hadde ei lita tankeveksling om vegen vidare. Vi må tenke oss om i høve kva vi vil lyse ut og kor kjapt dette skal gå. Kort oppsummert var stemninga at vi må skunde oss sakte. Utlysinga bør kome om ikkje lenge då det er på desse tider dei fleste ser seg om etter jobb. Samtidig har vi nokre verdfulle erfaringar samt at ein grundig prosess med tanke på kva vi vil med kontorstillinga er viktig.

Vedtaksaker:

001/24 Søknaad om delvis fritak frå festeavgift.

Vedtak:

Søknaden frå Arne Berge om delvis fritak for festeavgift vert imøtekomen. Gjeldande regelverk for gravplassane i Høyanger tilseier ein annan praksis. Gitt den historia denne saka har, nyttar fellesrådet skjøn, og gjer eit særleg unntak.

002/24 Oppussing av gavlveggen i Høyanger kyrkje:

I samtalen rundt dette kom det fram at dette med at det lek inn vatn, var ein kjent problematikk heil tilbake til 80-tallet. Det kom og ei oppmoding om at ein måtte starte

opp arbeidet med å få ein oversikt over kostnadane og det konkrete arbeidet totalrestaureringa av glasmåleriet, snarast råd.

Vedtak:

Tilbodet frå AS Betongindustri d. 25.10.2023 vert akseptert. Kyrkjeverja har fullmakt til å framforhandle med kommunen og andre aktuelle partar dei nærare vilkåra for å innfri føresetnadane i tilbodet.

003/24 Søknad om auke i det årlege tilskotet til Vadheim bedehusapell.

Vedtak:

Budsjettet for 2024 og overføringane til HKF frå kommunen er allereie vedtekne. Desse gjev ikkje rom for ein så stor auke på eit år. Tilskotet til Vadheim bedehusapell vert for året 2024 sett til kr 45.000,-.

HKF vil på eit seinare tidspunkt måtte vurdere både kostnaden og andre sider ved den framtidige bruken av bedehusapellet.

004/24 Kyrkjeleg administrasjonsutval – val av arbeidsgjevar sine representantar.

Fellesrådet valde tre arbeidsgjevarrepresentantar til utvalet.

Vedtak:

Fellesrådet Sturla Bell Fossen, Terje Søreide og Vidar Myren som arbeidsgivarrepresentantar i administrasjonsutvalet.

Neste møte i fellesrådet

Fellesrådet har vedteke som hovudregel at møta blir 2. torsdag i månaden. neste møte vert fastsett til: **14.mars.**

Høyanger 02.02.2024

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd